



Åseral kommune

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Doknr.: 117
Arkivkode: 416.0	Dato: 18.11.05
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.: MØTEBOK	

Utval: Kommunalutvalet

Møtedato: 08.11.2005

Møtestad: Åseral rådhus, formannskapssalen, Frå kl. 9:30 Til kl. 12:00

Til stades på møtet

Medlemar:

Betsy Folkvord, Margot Handeland, Åsmund Forgard, Bjarne Haugstad
Inger Lise L Stulien (NITO) og Jan Frøysland (Fagforbundet) i sakene 05/0098, 05/0099,
05/0100, 05/0101 og 05/0102

Varamedlemar:

Bjarne Verdal for Jørgen Åsland
Ingen for Åsmund Forgard i sak 05/0101

Andre:

Rådmann Rune Stokke
Ass.rådmann Ronny Olsen

Saker:

05/0098, 05/0099, 05/0100, 05/0101, 05/0102, 05/0103 og 05/0104

Merknader til sakliste/innkalling:

Ingen

Underteikna stadfester med si underskrift at møteboka er ført i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Sign:

Rune Stokke

Sign:

PS



HØYRINGSUTTALE TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
05/0103	Kommunalutvalet	08.11.05

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune har god erfaring med utvida samarbeid etter SATS modellen og utvida samarbeid gjennom felles servicekontor for kommunen og trygdekontoret, og ser positivt på den nye arbeids- og velferdsforvaltninga. Den nye lova formaliserar eit viktig samarbeide og opnar for fleksible løysingar tilpassa den enkelte kommune.

Til § 9, 4. ledd i lova forslår ein at tvistesaker vert avgjort av eit nøytralt organ.

Kommunen har elles ikkje merknader til lovforslaget forutsatt at statens resursar vert auka slik at stat og kommune skal kunna vera likeverdige partar.

Handsaming i Kommunalutvalet - 08.11.2005:

Samrøystes vedteke etter innstillinga.

Vedtak i Kommunalutvalet - 08.11.2005:

Åseral kommune har god erfaring med utvida samarbeid etter SATS modellen og utvida samarbeid gjennom felles servicekontor for kommunen og trygdekontoret, og ser positivt på den nye arbeids- og velferdsforvaltninga. Den nye lova formaliserar eit viktig samarbeide og opnar for fleksible løysingar tilpassa den enkelte kommune.

Til § 9, 4. ledd i lova forslår ein at tvistesaker vert avgjort av eit nøytralt organ.

Kommunen har elles ikkje merknader til lovforslaget forutsatt at statens resursar vert auka slik at stat og kommune skal kunna vera likeverdige partar.

Trykte vedlegg

Forslag til lov om arbeids- og velferdsforvaltninga.

Sign: Est

Utrykte vedlegg

Høyringsnotat om *Forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltningen og tilpasninger i visse andre lover*. August 2005.

Bakgrunn

Regjeringa la i St.prp.nr. 46 (2004-2005) *Ny arbeids- og velferdsforvaltning* fram forslag om ny organisering av arbeids- og velferdsforvaltninga. Stortinget handsama proposisjonen 31. mai 2005 og slutta seg til forslaget frå regjeringa. Det er nå utarbeida forslag til lovgrunnlag for ny arbeids- og velferdsforvaltning som nå er til høyring.

Dette er ein ny stor reform som det har blitt arbeida med over lang tid.

Hovudmålet for reforma er :

- Å få fleire i arbeid og færre på stønad
- Forenkla for brukarane og tilpassa til brukaranes behov
- Få ei heilhetleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

I denne nye arbeids- og velferdsforvaltninga skal det etablerast ei ny førstelineteneste, med eit lett tilgjengeleg arbeids- og velferdskontor i kvar kommune, og som er kontaktstaden for brukarane for heile tenestespekteret i den tredelte forvaltninga vi har i dag.

Dagens a-etat og trygdeetat vert lagd ned og vert erstatta av ein ny arbeids- og velferdsetat.

Ansvarsfordelinga som ein har i dag mellom stat og kommune skal oppretthaldast.

Regjeringa har foreslått stor lokal fridom for korleis ein organiserar førstelinetenesta, og opnar for at stat og kommune i ein viss grad skal kunna utføra oppgåver for kvarandre. Det som er nødvendig er lokale avtalar mellom stat og kommune og eit minimum av samlokalisering.

Vurdering

Når ansvarsfordelinga mellom stat og kommune skal oppretthaldast, må partane vera likeverdige personellmessig for at samarbeidet skal kunna fungera innan eit kontor. Det er viktig at statens egne resursar vert styrka. I seinare tid har Åseral opplevd reduksjon i bemanninga på trygdekontoret som er statens ansvar. Nedbemanninga innan a-etat har og vore merkbar ute i distrikta. Kommunen har derfor grunn til bekymring for nedbemanning av statens resursar som vil føra til auka arbeidsbyrde for det personell som er kommunens ansvar. Ein er samd i fleksibiliteten i den nye arbeids- og velferdsforvaltninga, men det må ikkje innebera ei einseitig forskyving av arbeidsoppgåver frå stat til kommune.

Når det gjeld tvistebestemmelsen i § 9, 4. ledd meiner ein at det bør vera eit nøytralt organ og ikkje departementet.

Forløparen for ny arbeids- og velferdsforvaltning, var SATS (Samarbeid A-etat, Trygd og Sosialkontor), som fleire kommunar allereie har lang erfaring i.

I vår kommune har vi hatt faste samarbeidsmøte med trygdekontoret annankvar veke, og med trygdekontoret og a-etat fjerde kvar veke. Den aktuelle tenestemottakar/brukar har og vore innkalla til å vera tilstades på desse møta for felles drøfting av dei utfordringane som ligg føre. Først og fremt har dette vore bra for brukarane ved at dei har fått ein plass å forholde seg til. Vi har og fått positive tilbakemeldingar frå brukarar som er godt nøgd med å møta alle tre instansar på same tid for å får ei brei drøfting for å koma fram til fornuftige og gode

Sign: est

løysingar på utfordringane. Dette har vore rasjonelt og spart arbeid for alle partar, og vi har erfart økonomisk sparing for kommunen.

Åseral kommune og trygdekantoret har alt i dag eit tett samarbeid med bl.a. felles ekspedisjon og felles sentralbord. Dei tilsette på servicekantoret har opplæring i enkel sakshandsaming for trygd, og trygd har og opplæring i enkel kommunal sakshandsaming. Lokalisering er og lagt til rette for eit nært samarbeid med ei dør frå servicekantoret til trygdekantoret og sosialkantoret.

Med denne erfaringa, ser kommunen positivt på eit endå tettare og meir formalisert samarbeid og samlokalisering med eit nytt arbeids- og velferds kontor i kommunen .

Arbeids- og Sosialdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat med forslag til dei lovendingane som er nødvendige for å gjennomføra organisasjonsreformen. Lovendingane er nødvendig for å etablera og regulera den nye statsetaten og for å gje eit rettsleg rammeverk for det lokale samarbeid mellom statsetaten og kommunane, inklusivt å leggja betre til rette for effektivt samarbeid , brukarmedverknad og ivaretaking av personvern og taushetsplikt .

Konklusjon

Åseral kommune har god erfaring med utvida samarbeid etter SATS modellen og utvida samarbeid gjennom felles servicekontor for kommunen og trygdekantoret, og ser positivt på den nya arbeids- og velferdsforvaltninga. Den nye lova formaliserar eit viktig samarbeide og opnar for fleksible løysingar tilpassa den enkelte kommune.

Til § 9, 4. ledd i lova forslår ein at tvistesaker vert avgjort av eit nøytralt organ.

Kommunen har elles ikkje merknader til lovforslaget forutsatt at statens resursar vert auka slik stat og kommune skal kunna vera likeverdige partar.

Kopi til:
Arkiv

Sign: est